

Høyringsvar til intensjonsavtalar om kommunsamanslåing


Kristeleg Folkeparti ynskjer endring i kapittel 6, Demokratimodellen i intensjonsavtalen om ny kommune i Nordhordland.

Her er dagens kapittel 6 frå avtalen:

6. Demokratimodellen

“Kommunen skal styrast etter formannskapsmodellen med politisk utval og gjennomgåande representasjon.


Kommunestyret skal bestå av 43 medlemmer. Formannskapet skal ha 13 medlemmer. Alle kommunestyrerepresentantane skal sitja i minst eitt anna politisk organ. Det vert lagt opp til 4 hovudutval innan oppvekst og kultur, helse og omsorg, samfunnsutvikling og administrasjon. I tillegg kjem lovbestemte utval og diverse råd og komitéar.



Kontrollutvalet skal bestå av 7 personar, 3 av desse skal vera kommunestyrerepresentantar. Administrasjonsutvalet skal bestå av 4 politiske medlemmer og 3 medlemmer frå dei tilsette sine organisasjonar. Dei politiske medlemmene skal vera medlemmer i formannskapet.”

Alternativ 1

KrF ser at kommunen har mange saksfelt og fagområde som skal ivareta. Vi meiner at med berre 3 politiske hovudutval, så vil enkelte viktige saksfelt fort få for lite fokus i det politiske arbeidet, og vi ynskjer derfor fleire hovudutval. Særleg er vi uroa for at saksområde for næringsutvikling og samfunnsutvikling vil vert lidande dersom ein samlar for mykje i eitt utval. Dei såkalla SAS-kommunane har ein litt anna modell, og vi vil foreslå at vi i Nordhordland kan bruka ein modell som er meir lik den. Her er ein modell som har dei same hovudutvala som modellen frå SAS-kommunane:




Tanken er at ein skal få betre fokus på særleg næringsutvikling i det politiske arbeidet, og at desse saksfelte ikkje skal få lite merksemd i konkurranse med t.d. plan- og arealsaker. På same måte ynskjer ein at kultur, friluftsliv og samfunnsutvikling ikkje skal drukna i arbeid med oppvekst eller igjen plan- og arealsaker, men heller bli løfta ut som eit meir overordna saksområde.

I framlegget er talet på kommunestyrepraesentantar utvida til 47. På den måten kan 2 av representantane i kontrollutvalet vera medlemmer frå kommunestyret. 45 representantar kan vera med i dei ulike utvala, og dei som sit i formannskapet kan óg vera med i hovudutval og administrasjonsutval. Her fylgjer framlegg til nytt kapittel 6:

6. Demokratimodellen

“Kommunen skal styrast etter formannskapsmodellen med politisk utval og gjennomgåande representasjon.


Kommunestyret skal bestå av 47 medlemmer. Formannskapet skal ha 13 medlemmer. Alle kommunestyrerepresentantane skal sitja i minst eitt anna politisk organ. Det vert lagt opp til 6 hovudutval innan Oppvekst og kunnskap, Helse, sosial og omsorg, Kultur, friluftsliv og samfunnsutvikling, Næringsutvikling og eigedom, Miljø og plansaker, og Administrasjon. I tillegg kjem lovbestemte utval og diverse råd og komitéar.



Kontrollutvalet skal bestå av 7 personar, 2 av desse skal vera kommunestyrerepresentantar. Administrasjonsutvalet skal bestå av 4 politiske medlemmer og 3 medlemmer frå dei tilsette sine organisasjonar. Dei politiske medlemmene skal vera medlemmer i formannskapet.”

Alternativ 2

KrF ser at kommunen har mange saksfelt og fagområde som skal ivareta. Vi meiner at med berre 3 politiske hovudutval, så vil enkelte viktige saksfelt fort få for lite fokus i det politiske arbeidet, og vi ynskjer derfor fleire hovudutval. Særleg er vi uroa for at saksområde for næringsutvikling og samfunnsutvikling vil vert lidande dersom ein samlar for mykje i eitt utval. Dei såkalla SAS-kommunane har ein litt anna modell, og vi vil foreslå at vi i Nordhordland endrar vår modell i retning deira modell. Vi ynskjer at vi skal ha eit hovudutval til, med fokus på nærings- og samfunnsutvikling:




Tanken er at ein skal få betre fokus på særleg næringsutvikling i det politiske arbeidet, og at desse saksfelte ikkje skal få lite merksemd i konkurranse med t.d. plan- og arealsaker.

I framlegget er talet på kommunestyrerepresentantar uendra. Dersom ein framleis ha gjennomgåande representasjon, er konsekvensen av det at fleire av kommunestyrerepresentane må vera med i fleire utval. Her fylgjer framlegg til nytt kapittel 6:

6. Demokratimodellen

“Kommunen skal styrast etter formannskapsmodellen med politisk utval og gjennomgåande representasjon.

Kommunestyret skal bestå av 43 medlemmer. Formannskapet skal ha 13 medlemmer. Alle kommunestyrerepresentantane skal sitja i minst eitt anna politisk organ. Det vert lagt opp til 5 hovudutval innan oppvekst og kultur, helse og omsorg, nærings- og samfunnsutvikling, miljø og plansaker, og administrasjon. I tillegg kjem lovbestemte utval og diverse råd og komitear.



Kontrollutvalet skal bestå av 7 personar, 3 av desse skal vera kommunestyrerepresentantar. Administrasjonsutvalet skal bestå av 4 politiske medlemmer og 3 medlemmer frå dei tilsette sine organisasjonar. Dei politiske medlemmene skal vera medlemmer i formannskapet.”
